



Arrangørane hadde nok håpa på nokre fleire festdeltakarar i Helgheim denne laurdagskvelden sjølv om det var OL-innsjutt på TV.. Men det kom i alle fall rundt 100 og dei vart traktert både med god betasuppe og god og svingande musikk av Steinar Engelbrektson band frå Sandane i Nordfjord.

Festen var kalla både solfest og vennefest og ein kan leggja til 'god, gamaldags fest på lokalet'. Han var i alle fall eit triveleg treff i vintermørket.

Det var i november i fjor ein slik fest vart avvikla for første gong og då kom det 140. Den festen 'gjekk i null' No får ein berre håpa at arrangørane ikkje mister motet, men freistar påny.

(Foto: Ola Matti Mathisen)